




# HØYANGERSKULEN 1-13



## *Samarbeid i grunnopplæringa*

---

*Modell for utvida samarbeid mellom Høyanger vidaregåande skule og Høyanger kommune*

*Vi ønskjer gjennom samarbeidet å auke og sikre kvaliteten i læringsarbeidet gjennom heile grunnopplæringa for å gi elevane best mogeleg fagleg og sosial kompetanse, og at dette samarbeidet skal bidra til å minske fråfallet frå vidaregåande skule.*

**VEDLEGG**

11.05.2015

## **VEDLEGG NR. 1: Mandat for fagnettverk i Høyangerskulen 1 – 13**

### **Formål:**

Nettverka skal:

- Utvikle kvaliteten på opplæringa for elevane, både fagleg og i eit danningperspektiv
- Styrke samarbeidet mellom skulane og mellom skule og lokalsamfunn
- Bidra til å auke gjennomføringa av og å styrke overgangane i det 13-årige skuleløpet

### **Organisering og samansetting**

- Kwart nettverk skal ha god fagleg breidde og vere samansett av min. ein person som underviser i faget frå kvar skule
- nettverket står sjølve for oppnemning av leiar og nestleiar. Leiarvervet skal rullerast mellom skulane
- nettverket står fritt til å organisere arbeidsutval, undergrupper eller liknande når det vert vurdert som formålstenleg som t.d. ta med småskuletrinn og mellomtrinn
- eventuelle endringar i samansetjing av nettverket skal meldast til prosjektgruppa

### **Mål**

- **Sikre at elevane har nådd forventta nivå i grunnleggande dugleikar**
- **Etablere felles forståing for innhaldet i gjennomgåande læreplanar og sikre samanheng 8 - 13**
- **Fokus på motivasjon og meistring og ei praktisk tilnærming til faga**
- **Vidareføre arbeidet med VFL - bruke samandraget av VFL for Høyangerskulen**
- **Kartlegge trong for kompetanseheving, og realisere dette**

### **Møteverksemd**

- Nettverka skal ha møte etter oppsett plan frå prosjektgruppa
- Leiar syter for innkalling og referat frå samlingane
- Skulane legg møteplanar for det lokale arbeidet i faggrupper på den einskilde skule

## VURDERING FOR LÆRING I HØYANGERSKULEN 1 - 13

<p><b>Føremålet med vurderingsarbeidet.</b></p>	<p><b>Kjenneteikn på god vurderingspraksis med konkrete døme på korleis dette kan gjerast i klasserommet / i verkstaden</b></p>									
<p>Alle skal lukkast – Eleven skal bli den beste utgåva av seg sjølv. 😊</p> <p><b>Føremål:</b> Skulane skal utvikle ein vurderingspraksis der elevane lærer best og mest mogeleg.</p> <p>I kommunen utviklar vi felles vurderingsverktøy og vurderingspraksis.</p> <p>Vi skal gjere overgangane mellom dei ulike trinna og hovudstega lettare for både elevar og lærarar, slik at det blir kontinuitet i vurderinga frå 1. til 13. årssteg.</p>	<p><b>Elevane lærer mest og best mogeleg når dei får:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tydelege mål for kva dei skal lære</li> <li>• Vere involvert i eige lærings- og vurderingsarbeid</li> <li>• Tydeleg tilbakemelding på læringsarbeid</li> <li>• Råd om korleis dei kan bli betre</li> <li>• Trygge relasjonar i klasserommet</li> </ul> <p><b>Døme på konkrete tiltak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fokus på læring</li> <li>• Refleksjon i arbeidet gjennom samtalar og samarbeid</li> <li>• Oppsummering: Kva har vi lært? Har vi nådd måla for undervisningsøkta?</li> <li>• Mellommelding og undervegsvurdering: skriftlege, munnleg og gjennom samtalar</li> <li>• Elevane får utdelt vurderingskriteria og eksempel på ulike besvarelser med vurdering</li> <li>• Måtar å organisere læringa på: - bruk av læringspar, - kameratvurdering, - rike oppgåver</li> <li>• Tydeleggjering av undervisningsøkta med oppstart, klare mål, plan, struktur, variasjon, balanse og avslutning</li> </ul>									
<p><b>Kjenneteikn på ein skule som samarbeider om god vurderingspraksis med konkrete døme på korleis dette kan gjerast</b></p>	<p><b>Kjenneteikn på ein kommune der skulane samarbeider om felles vurderingspraksis med konkrete døme på korleis dette kan gjerast</b></p>									
<div style="text-align: center;">  </div> <p><b>Aktive og gode relasjonar i samarbeid om vurdering :</b></p> <table border="0" style="width: 100%;"> <tr> <td>Elev – lærar</td> <td>Elev – elev</td> <td>Heim – skule</td> </tr> <tr> <td>Mellom lærarane</td> <td>Mellom skulane</td> <td>Skuleeigar – skule – PPT</td> </tr> <tr> <td>Skuleleiarar – lærarar</td> <td></td> <td>Leiar - leiar</td> </tr> </table> <p><b>Nokre konkrete døme:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Mentorordning</li> <li>- Utviklingssamtaler</li> <li>- Elevsamtaler</li> <li>- Synleg læring</li> <li>- Møteplassar</li> <li>- Råd og utval</li> <li>- Læringsarenaer</li> <li>- Nettverk</li> <li>- Årshjul</li> </ul>	Elev – lærar	Elev – elev	Heim – skule	Mellom lærarane	Mellom skulane	Skuleeigar – skule – PPT	Skuleleiarar – lærarar		Leiar - leiar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Organisert kommunikasjonsarena med felles møte, forståing og samarbeid på alle nivå</li> <li>• Hospitering for lærarar mellom skular og skuleslag og samarbeid i alle fag i alle skulane</li> <li>• Godt budde og stukturerte leiarar. Godt budde og stukturerte møte. Tydelege mål og mening med samlingane.</li> <li>• Felles årshjul for vurdering i kommunen</li> <li>• Samarbeid om alle overgangane</li> <li>• Påfyll av teori, med refleksjon omkring tema</li> </ul> <div style="text-align: center;">  </div>
Elev – lærar	Elev – elev	Heim – skule								
Mellom lærarane	Mellom skulane	Skuleeigar – skule – PPT								
Skuleleiarar – lærarar		Leiar - leiar								



HØYANGERSKULEN 1-13

# Alle skal lukkast...

Vurdering for Læring i Høyangskulen 1-13

Skulane skal utvikle felles vurderingsverktøy og vurderingspraksis for å gjere overgangane lettare frå 1-13

Ein vurderingspraksis der elevane lærer mest og best mogleg

**Bli den beste  
utgåva av  
deg sjølv!**

Kjenneteikn på god vurderingspraksis

Elevane er involverte

Tydelege mål

God undervegsvurdering

Fokus på læringsmiljø

Elevmedverknad

Kompetanseheving

Felles vurderingspraksis

Felles refleksjon i lærargrupper

Samarbeid om overgangene

**klasserommet**  
**skulen**  
**skulesamarbeidet**



## VEDLEGG NR. 3: Høyangerskulen 1-13

### Utkast til

# Avtale mellom Høyanger kommune og Høyanger vidaregåande skule om felles bruk av faglærarar skuleåret 2014/ 2015

Dersom det blir behov for bruk av lærarar, eller ein i periodar manglar kompetanse på ein av skulane, skal det takast kontakt med rektor på gjeldande skule.

Alle avtalar om utveksling skal vere skriftlege og er ikkje gjeldande før dette er gjort.

Høyanger

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Høyanger vidaregåande skule

Høyanger kommune

Torill Thorbjørnsen  
Rektor

Stig Engen  
Oppvekstsjef



## HØYANGERSKULEN 1-13

### Avtale mellom Høyanger kommune og Høyanger vidaregåande skule om IKT lærling frå 01.09.2014 – 01.09.2016

#### Personalansvar

Lærlingen skal tilsetjast i Høyanger kommune, som då også har personalansvar for lærlingen.

#### Fagleg ansvarleg

Høyanger kommune har det overordna faglege ansvaret for lærlingen. Dei har ansvar for kontakt med opplæringskontor og oppmelding til fagprøve.

#### Økonomi

Høyanger kommune har tilsett ein lærling frå 01.09.14 og dekkjer kostnadane med lærlingen. Etter at vi har prøvd korleis det fungerer å dele på ein lærling, må vi vurdere om vi frå hausten 2015 skal tilsette ein på Høyanger vidaregåande skule også. Vel vi å ikkje tilsett ein lærling til, må vi frå 01.09.15 dele på kostnadane med den lærlingen vi har.

#### Opplæringsplan

Høyanger kommune v/Ingrid Fureli og Høyanger vidaregåande skule v/Bjarte Johansen har ansvar for å lage opplæringsplan og årsplan for lærlingen. Ingrid Fureli og Bjarte Johansen må ha jamlege møte t.d. i slutten av kva praksisøkt, for å følgje opp og planlegge ny praksisperiode for lærlingen. Ingrid Fureli kallar inn til desse møta.

#### Praksisplass på Høyanger vidaregåande skule

Når lærlingen har praksis på Høyanger vidaregåande skule, skal han følgje dagleg arbeidstid og pausar.

Ved fråver i praksisperioden på Høyanger vgs skal lærlingen melde frå til skulen og oppgi årsak til fråveret. Får skulen melding om sjukdom, skal dei melde frå til Høyanger kommune straks. Anna fråver(ulovleg) skal skulen føre liste over og melde frå til Høyanger kommune etter nærare avtale.

Ansvarleg på Høyanger vgs når lærlingen har praksisplass på skulen:

Avdelingsleiar: Jardar Trollebø

IKT ansvarleg: Bjarte Johansen vil vere instruktør og fagleg ansvarleg for lærlingen.

Høyanger: 12.09.2014.

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Høyanger vidaregåande skule

*Torill Thorbjørnsen*  
Torill Thorbjørnsen  
Rektor

Høyanger kommune

*Arnvid Hovland*  
Arnvid Hovland  
Personaltjenest  
**HØYANGER KOMMUNE**  
Stabseining personal

## VEDLEGG NR. 5:

### Utkast til

# Avtale mellom Høyanger kommune og Høyanger vidaregåande skule om bruk av spesialrom skuleåret 2014/ 2015

Grunnskulane og kulturskulen i Høyanger kommune kan bruke følgjande rom ved Høyanger vidaregåande skule:

- Språklaboratoriet
- Naturfagrom
- Keramikkkrom
- Data-/eksamensrom
- Mekanisk verkstad
- Auditorium
- Fysikksal

### De skal bestille romma hos følgjande:

**Kristin: 57 63 77 82 / 415 30 760**

**Jardar: 57 63 77 88 / 415 30 763**

**Torill. 57 63 77 87 / 415 30 762**

**eller sentralbordet 57 63 78 00**

Den som er ansvarleg på skulen for å samordne behovet skal ta kontakt med Høyanger vgs minimum 1 mnd før dei treng rommet, helst lage ½ års plan.

Forbruksmateriell blir innkjøpt og betalt av Høyanger kommune.  
Høyanger vgs stiller utstyr til disposisjon.

Høyanger vgs ved systemansvarleg er til disposisjon ved bruk av data-/eksamensrom.

Det må gjerast avtale om opplæring i bruk av språklaboratoriet i nettverksgruppa for engelsk.

Romma skal ryddast etter bruk slik at andre kan gå rett inn og nytte dei etterpå.

Reinhald av romma er ein del av reinhaldsplanen for Høyanger vgs haust 2014 og vil difor ikkje ha noko økonomisk konsekvens for Høyanger kommune haust 2014.

Må evaluerast vår 2015 då det er krav til økonomiske innsparingar ved Høyanger vgs.

Høyanger skule er ansvarleg for at alle spesialrom vert nytta etter gjeldande reglar/ rutinar for HMT.

Høyanger

Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Høyanger vidaregåande skule

Høyanger kommune

Torill Thorbjørnsen  
Rektor

Stig Engen  
Oppvekstsjef

## VEDLEGG NR. 6:

### Utkast til

# Avtale mellom Høyanger kommune og Høyanger vidaregåande skule om periodar med utvida hospitering for 10. klassane skuleåret 2014/2015 og 2015 - 2016.

For å auke kvaliteten i overgangen frå ungdomstrinnet til vidaregåande skule skal 10.klassane ved Høyanger skule i perioden oktober - april ha deler av undervisninga si ved Høyanger vidaregåande skule.

Høyanger vgs skal stille fullverdig klasserom til disposisjon. Elevane frå Høyanger skule skal på lik linje med elevane ved Høyanger vgs ha tilgang til fellesrom som bibliotek, kantine og spelerom.

Planen som skal utarbeidast skal sjåast i samanheng med utveksling av faglærarar i faga norsk, matte og engelsk.

Planen skal utarbeidast av arbeidsgruppa i lag med fagnettverksgruppene 03.10.2014.

Prosjektgruppa / arbeidsgruppa set opp plan for 1.termin. Prosjektleiar sender den ut til elevar og føresette i 10.klassane via rektor Høyanger skule.

### Skuleåret 2015 - 2016:

10 A veke 46 - 49 (09.11. - 04.12.15) og

10 B veke 2 - 5 (11.01. - 05.02.16).

21.08.2015, kl. 11.30 - 14.00, HVGS: Faggruppene/ faglærarar Norsk/ Matematikk/ Engelsk lagar utkast til fylgjande samarbeidsprosjekt på tvers av skulane:

- Årsplan for tema
- Organisering av felles vurderingsarbeid med tidsplan
- Plan for fagdagar/ temadagar Norsk/ Matematikk/ Engelsk
- Ansvarsperson(-ar) for kort rapport etter hospitering til prosjektleiar som distribuerer til alle

Rektor er ansvarleg for å informere tilsette og elevar på sin skule.

Høyanger

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Høyanger vidaregåande skule

Høyanger kommune

Torill Thorbjørnsen  
Rektor

Stig Engen  
Oppvekstsjef

## VEDLEGG NR. 7:

### Utkast til

## Avtale for rådgjevarsamarbeid Høyangerskulen 1 – 13

Rådgjevarane på Høyanger vidaregåande skule, Høyanger skule, Bjordal skule og Lavik skule er ansvarlege for at det vert avvikla overføringsmøte i for alle elevane frå Høyanger kommune som skal byrje på Høyanger vidaregåande skule.

Rådgjevar på Høyanger vidaregåande skule kan delta i gjennomføringa av faget utdanningsval i 8, 9 og 10.klasse på Høyanger, Bjordal og Lavik skule på avtala tema i årsplanane til dei enkelte skulane.

Elevane i 10. klassane i Høyanger kommune skal hospitere to dagar i oktober/november på Høyanger vidaregåande skule.

Rådgjevarane på Høyanger vidaregåande skule og på Høyanger, Bjordal og Lavik skule har eit kontaktmøte i desember.

Rådgjevar på Høyanger vidaregåande skule deltek på foreldremøta for 10. klasse i januar.

Kvart andre år i januar/februar arrangerer Høyanger vidaregåande skule open dag/karrieremesse der elevane i 9. og 10. klasse frå Høyanger kommune deltek.

Elevane i 9. klasse hospiterer ein dag på Høyanger vidaregåande i mars/april på Høyanger vidaregåande skule

Målfrid Førde	Morten Torvund	Odd Willy Knudsen	Astrid Andersen
Rådgjevar Bjordal	Rådgjevar Lavik	Rådgjevar Høyanger skule	Rådgjevar HVGS

## VEDLEGG NR. 8 Tidleg innsats, tilpassa opplæring og spesialundervisning (Kortversjon - sjå eigen plan)

### - Ein handlingsplan for barnehagane og skulane i Høyanger kommune

Hovudmålet i dette arbeidet er: *I Høyanger kommune vil vi sikre at alle elevar får tilpassa opplæring og når læringsmåla i læreplanane ut i frå evner og føresetnader, gjennom effektiv utnytting av ressursar og kompetanse i skulane.*

Arbeidet mot målet om best mogeleg læringsutbytte og tilpassa opplæring for alle skal starte med observasjonar og kartlegging i barnehagane. Vi skal arbeide for å sikre at kompetansen blir vidareført gjennom alle overgangar, også ved bytte av personell. Vidare ønskjer vi med denne planen også å gje informasjon om lovverk og rutinar i høve opplæringstilbodet for barn og vaksne med særskilde behov. Det er informasjon til føresette, politikarar og tilsette i Høyanger kommune som har dette som arbeidsfelt.

### Innhald

1. Mål og kjenneteikn på god praksis
2. Informasjonsrutinane for barnehagar og skular
  - 2.1 Informasjon til tilsette
  - 2.2 Informasjon til foreldre
3. Førtilmeldingsfase / tilmelding
  - 3.1 Dialog mellom barnehage / skule PPT
  - 3.2 Førtilmelding
  - 3.3 Tilmelding
  - 3.4 Melding til barnevern
4. Søknad om spesialpedagogisk hjelp / spesialundervisning
5. Sakkunnig vurdering
6. Enkeltvedtak
7. Klage på vedtak
8. Individuell opplæringsplan
9. Årsrapport
10. Overgangar
  - 10.1 Barnehage - skule
  - 10.2 4. klasse - 5. klasse
  - 10.3 7. klasse - ungdomsskulen
  - 10.4 Ungdomsskulen - vidaregåande skule
  - 10.5 Vidaregåande skule - vaksenopplæring
11. Vaksne
  - 11.1 Rutinar / saksgang
  - 11.2 Tverrfagleg samarbeid
12. Framandspråklege elevar
13. Kartlegging som grunnlag for tilpassa opplæring
  - 13.1 Tilpassa opplæring
  - 13.2 Kartleggingar ved skulane i Høyanger kommune
  - 13.3 Kartleggingar – bruk og pedagogisk oppfølging
  - 13.4 Ansvar og oppgåver ( stillingsinstuksar)
  - 13.5 Malar til kartlegging og dokumentasjon
14. Kommunale malar, årshjul m.m.

Referansar, vedlegg

### Fråfall i utdanninga – forskning, tilrådingar og samfunnsøkonomiske kostnader av fråfall

#### *Innleiing*

Vår modell for samarbeid mellom Høyanger vidaregåande skule og Høyanger kommune har ei klar målsetjing om å auke og sikre kvaliteten i læringsarbeidet gjennom heile grunnopplæringa for slik å minske fråfallet frå vidaregåande opplæring.

Det er eit mål for oss å samarbeide med ulike aktørar i lokalsamfunnet for å sikre at flest mogeleg består vidaregåande utdanning, og at andelen som fullfører utdanning innan 5 år aukar. Dette dokumentet tek føre seg kva vi meiner med omgrepet «fråfall», forskning som er gjort på dette feltet og kostnader av fråfall i vidaregåande utdanning. Til slutt viser vi til tiltak som er tilrådd for å minske fråfall. Desse tiltaka er oppsummert slik;

- Fokus på å betre elevane sine skuleprestasjonar og deira sosiale og faglege identifikasjon og engasjement i forhold til skulen
- Tiltak må setjast inn på fleire nivå;
  - I barnehage og grunnskule  
**Tidleg innsats** – for å gje elevane nødvendige føresetnader for å meistre VGO
  - I overgangen mellom grunnskulen og vidaregåande opplæring  
**Rettleiing** – inn i utdanningsprogram som elevane har føresetnader for å meistre
  - Innanfor vidaregåande opplæring  
Tilpassa opplæring – til vitnemål, fagbrev, lærekontrakt eller praksisbrev.

I Meld. St. 20 (2012-2013) foreslår departementet at fag- og timefordelinga i vidaregåande opplæring blir rettleiande på trinn innan ramma av det totale timetalet. Hensikten med forslaget er å auke fleksibiliteten både for opplæring i skule og i bedrift gjennom å legge til rette for meir tilpassa tilbod for ulike elevgrupper.

Det er *fleire organisatoriske løysingar* på korleis ein kan jobbe systematisk med desse tiltaka (Markussen 2010). I vår modell er det akkurat desse organisatoriske løysingane vi søker å utfordre. Vi har starta opp eit utvida samarbeid mellom grunnskule og vidaregåande opplæring. Samtidig ser vi også til overgangane mellom barnehage og grunnskule, og til overgangen vidaregåande skule og arbeidslivet. Ei av hovudmålsetjingane i prosjektet Høyangerskulen 1.-13 er å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring for slik å redusere fråfall. Som tiltak fokuserer vi på å styrke rådgevingstenesta for å førebygge feilval. Eit anna sentralt tiltak er å arbeide med dei gjennomgåande læreplanane og styrke dei grunnleggande ferdigheitene.

## **Kva meiner vi med «fråfall»?**

Ulike land har ulike definisjonar og avgrensingar av «fråfall», og fenomenet er difor meir komplisert å definere enn ein skulle tru. I Norge har vi ei avgrensing som definerer fråfall som *dei som eit gitt tal år etter at dei gjekk ut av grunnskulen (eller begynte i vidaregåande opplæring) har gått mindre enn tre år i vidaregåande opplæring og som på dette tidspunktet ikkje er i vidaregåande opplæring.*

Dei som har gjennomført utan å bestå, har ikkje falt frå (Markussen 2010). Sverige, Finland, Danmark og Norge har lik definisjon på *beståttgruppa*. Ulikheita ligg korleis landa ser på dei som ikkje har bestått. I Norge vert denne gruppa delt i to; Gruppe 1 er dei som sluttar før dei er ferdige, gruppe 2 er dei som gjennomfører heile løpet, men med stryk.

Det vil vere ulike verkemiddel knytt til tiltak som kan setjast i verk i dei to gruppene. Sverige har lik forståing som Norge, men i dei to andre landa inngår dei som har gjennomført utan å bestå i fråfallskategorien. I den internasjonale litteraturen vert desse kalla *dropouts*.

Når ein skal måle fråfall er også spørsmålet om *når* ein skal begynne å telje viktig. SSB i Norge startar teljing ved starten av vidaregåande skule. Andre studiar i Norge har starta teljing ved avslutninga av ungdomsskulen. Når ein tel slik inkluderer ein dei som aldri begynte på vgs i fråfallet, men ein tel ikkje dei som har falt frå den obligatoriske skulen. På Island set ein t.d. startpunkt for teljing det året barna vart fødde. SSB sin måte å telje på vil difor ikkje omfatte dei som aldri begynte på vgs.

Det er også ulike sluttidspunkt for å telje. I dei norske teljingane tel ein *5 år etter at ein starta på vidaregåande utdanning* (eller ut av ungdomsskulen). Da er ungdommane 21 år. På Island tel ein dei unge når dei er 24 år, og i Danmark tel ein 25 år etter at ein gjekk ut av ungdomsskulen, dvs. når personen er 40 eller 41 år. Når ein oppgir volum på fråfall og gjennomføring i nordiske land, er tal som vert oppgitt ikkje mål på det same (Markussen 2010).

## **Kva viser forskning om fråfall?**


I Norge har mellom anna Markussen m.fl. (2006, 2010) dokumentert betydelige skilnader i fråfall mellom studieretningar, regioner og elevar med ulike sosioøkonomiske karakteristika. I følgje Markussen (2010) er det berre Noreg og Island som har gjennomført omfattande, representativ, kvantitative og longitudinelle studiar av fråfall som kombinerer ulike typar data.

Skal ein samanlikne tal for land i Norden, er det tal unge som har bestått vidaregåande utdanning ein må sjå til. Statistikkbanken til statistisk sentralbyrå måler fullføringsgraden over ein periode på 5 år uavhengig av om opplæringa føregår delvis i bedrift eller ikkje. Ein tek ikkje omsyn til moglegheita for at elevar med lengre forseinkingar kan fullføre seinare enn fem år etter at dei startar vidaregåande opplæring for første gang (Falch m.fl 2009). Falch viser til forskning (Rauum O, J. Rogstad, K. Røed og L. Westlie, 2009) som viser at sannsynlegheita for å returnere til vidaregåande skule synker dramatisk etter at eleven har vore ute av opplæring lenger enn eitt år, frå 0,37 etter eitt år, til 0,11 etter 1.5 år og til 0,05 etter 2.5 år. Ut frå dette talmaterialet kan det sjå ut som om ein har inkludert dei fleste som kjem til å fullføre vidaregåande opplæring når ein måler fråfall etter 5 år.

I Norge har talet på dei som har fullført 5 år etter dei starta på vidaregåande skule lagt stabilt på 68-72 prosent for dei kulla som begynte på vgs i åra 1994-2003. Tal frå 2012 viser at

andelen elevar som fullfører på studiespesialiserande utdanningsprogram er betydeleg høgare enn på yrkesfaglege utdanningsprogram. Figuren under viser at 28 prosent av elevane som starta på yrkesfag slutta undervegs.

### Elevar som startet i Vg1<sup>1</sup> for første gang høsten 2006, etter fullført videregående opplæring med studie- eller yrkeskompetanse i løpet av fem/seks år. Prosent



SSB: Nøkkeltal frå 2012

### ***Kvifor avbryt enkelte ungdommar vidaregåande opplæring?***

Både norsk og islandsk forskning viser at forklaringane på kvifor unge vel å bryte sin vidaregåande opplæring er både individuelle, institusjonelle og kontekstuelle. Ulike sosial bakgrunn, skuleprestasjonar, fagleg og sosialt engasjement og identifikasjon med skulen samt den konteksten utdanninga foregår innanfor (skule, utdanningsprogram, familie, region, lokalsamfunn etc). Fråfall i vgo kan sjåast som slutt punktet på ein prosess som har starta tidleg i dei unge sitt liv (Markussen 2010).

Den enkeltvariabelen som står fram som den viktigaste for å forklare fråfall er elevane sine *gjennomsnittskaraktarar* ved slutten av obligatorisk skule, altså elevane sine tidlegare skuleprestasjonar. Karakterane frå den obligatoriske skulen er sterkt påverka av elevane sin bakgrunn, blant anna kjønn, minoritetsspråklegheit, foreldra sin utdanning og arbeidsmarknadstilknytting samt kulturell kapital. Gode karakterar frå grunnskulen er også eit mål på skulefaglege ferdigheiter. Dei som har gode karakterar vil prestere betre på vidaregåande skule enn dei som har dårlege karakterar. Tal frå SSB viser at elevar med mindre enn 25 poeng frå grunnskulen hadde ein gjennomstrømming på 13 prosent. Blant elevar med 55 grunnskolepoeng eller meir fullførte 99 av 100 (SSB 2014)

Sogn og Fjordane hadde høgaste gjennomstrømming for elevar som starta på vidaregåande opplæring i 2008, 78 prosent av elevane oppnådde studie- eller yrkeskompetanse i løpet av fem år. Sogn og Fjordane har de siste årene vært fylket med flest grunnskolepoeng per elev,

Dette spiller positivt inn på gjennomstrømminga i vidaregåande opplæring (SSB 2014). Svakast resultat hadde dei tre nordlegaste fylka der gjennomstrømminga var 64 prosent for Troms, 63 prosent for Nordland, og 55 prosent i Finnmark.

Studiane viser også at *identifikasjon med og engasjement i skulen* betyr mykje for fullføring. Viss elevane trivst på skulen og seier at læringsmiljøet er godt, er fråværet lågt og elevane sluttar i mindre grad.

Det er også vist at institusjonelle og kontekstuelle forhold har betydning for fråfall, gjennomføring og kompetanseoppnåing. Fråfallet er størst i dei yrkesfaglege utdanningane, og i Norge finn ein også variasjon i fråfallet mellom dei ulike fylka i landet. Finnmark toppar statistikken. Her er det om lag 50% som har bestått VGO etter 5 år. Tilgang på læreplassar påverkar også fråfallet. Læreplassane er regulerte etter marknadsbehovet, og bedriftene sine behov for arbeidskraft varierer. Eit anna aspekt er at marknaden sitt utbod av ledige læreplassar ikkje stemmer overeins med kva dei unge ønsker. Det er altså ikkje alltid nok tilgjengelege læreplassar der dei unge ønsker å utdanne seg. Dette kan føre til at ein avbryter utdanninga.

### **Kostnader av fråfall i vidaregåande opplæring**

Senter for økonomisk forskning (SØF) i Trondheim har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet laga ein rapport om kostnader av fråfall og forseinkingar i vidaregåande opplæring. I rapporten forsøker ein å talfeste dei samla samfunnsøkonomiske kostnadene (både på individnivå og offentlege utgifter). I utgangspunktet er det slik at fullført vidaregåande opplæring gir ei avkastning i form av lønnspremie og ev. andre individuelle nytteverknader i framtida, mens kostnadene i hovudsak består av innsats knytt til skulegang og tapt arbeidsforteneste. Ei slik kost-nytte vurdering vert likevel ikkje oppfylt i praksis. Ein legg gjerne ned for liten innsats i utdanninga. Forsking tyder på at betre utdanningsnivå reduserer kriminalitet og rusmisbruk. Unge som ikkje gjennomfører har også større tilbøyelegheit til å hamne på ulike offentlege trygde- og stønadsordningar enn dei som fullfører. Altså; fullført vidaregåande opplæring har ei høgare avkastning for samfunnet under eitt enn den forventade reine privatøkonomiske avkastninga for den enkelte. Manglande fullføring betyr eit potensielt betydeleg samfunnsøkonomisk tap.

Korleis skal ein så talfeste dette tapet? Her må ein måle forskjellen i inntektsnivå og andre utfall dersom ein ikkje fullfører vidaregåande opplæring. Slik kausale effektar vil variere mellom studiar og mellom land. I Norge vil til dømes den private inntektsmessige avkastninga av utdanning vere relativt låg samanlikna med land utanfor Skandinavia. Dette på grunn av skilnader i lønnsdannning, omfang på subsidiar i utdanningssystemet og omfanget på sosialforsikringsordningar.

Rapporten frå SØF har berekna samfunnsøkonomiske kostnader på individnivå utan å ta omsyn til kjønn, bakgrunn, fullføringstidspunkt m.m. Konsekvensane av fråfall er knytt til ein del hovudmekanisamar som det kan vere nyttig å sortere ut. Drivkrafta er at fråfall gir svakare ferdigheiter enn fullføring, og dermed reduserte mogelegheiter til å få jobbar som krev fagkompetanse. Ein vert heller ikkje kvalifisert for høgare utdanning. Når produktiviteten til den som faller frå i vidaregåande opplæring blir lågare enn den elles ville vore, blir inntektsnivået lågare. Dette inneberer eit tap for samfunnet da den samla produksjonen og inntekta blir lågare enn den alternativt kunne vore<sup>1</sup>.

---

<sup>1</sup> Utdanning kan også ha positive eksterne effektar og *auke* samfunnet sine samla inntekter

For å berekne kostnadene må altså mekanismene som er skildra over kvantifiserast. Utrekningane er basert på eit anslag på forventa kostnad ved fråfall for eit tilfeldig individ. Tabellen under viser alle føresetnader som ligg til grunn for kostnadsanalysen. Her vist i årlege beløp (Falck 2009:49);

Tabell 6.3. Forutsetninger for kostnadsanalysen. Årlige beløp i 2008-kroner

	Alder	Baseline		Lavt anslag		Høyt anslag	
		Forutsetning	Beløp	Forutsetning	Beløp	Forutsetning	Beløp
Inntektstap	20–65 år	12% av gjennomsnittlig industriarbeiderlønn	42 500	6% av gjennomsnittlig industriarbeiderlønn	21 200	50% påslag på baseline	63 700
Alternativinntekt	19 år	Lav lønn og trygd	150 000	Som baseline	150 000	Som baseline	150 000
Trygde- og stonadsutgifter	20–65 år	Baseline anslag på sannsynligheter	12 600	Ingen effekt	0	Høyt anslag på sannsynligheter	19 300
Direkte skoleutgifter per elev	19 år	Gjennomsnittsutgift per elev	100 000	Som baseline	100 000	Som baseline	100 000

SØF har også laga ein tabell som viser berekna samla samfunnsøkonomiske kostnader under ulike underliggende føresetnader (Falck 2009:50);

Tabell 6.4. Beregnede totale samfunnsøkonomiske kostnader av frafall

Forutsetninger	Nåverdi pr. individ i 2008-kroner			
	Inntektseffekt	Reduserte trygde- og stonadsutgifter	Økte utgifter i videregående opplæring	SUM
Baseline	730 000	270 000	100 000	900 000
Baseline inntektseffekt, lavt anslag trygd	730 000	0	100 000	630 000
Baseline inntektseffekt, høyt anslag trygd	730 000	400 000	100 000	1 030 000
Lavt inntektseffekt, lavt anslag på trygd	290 000	0	100 000	190 000
Lavt inntektseffekt, høyt anslag trygd	290 000	400 000	100 000	590 000
Høyt inntektseffekt, lavt anslag trygd	1 170 000	0	100 000	1 070 000
Høyt inntektseffekt, høyt anslag trygd	1 170 000	400 000	100 000	1 470 000

Tabellen viser at i baseline-alternativet representerer ein elev som ikkje fullfører ein samfunnsøkonomisk kostnad på 900 000 kroner. I aggregerte kostnader blir dette eit stort beløp når vi dag veit at ca. 30% ikkje fullfører vidaregåande opplæring innan 5 år. Tenker ein seg ein representativ kullstorleik på 55 000 elevar vil ca 18 000 i kvar kull ikkje fullføre.

Tabellen viser elles at lavt anslag på trygd vil føre til ein kostnadsbesparelse pr. individ. Viss ein i tillegg legg inn eit lavt anslag på inntektsgevinst, vil ein redusere kostnadene til 190 000 kroner.

Kostnadene ved forsinkelse er betydeleg mindre enn for fråfall. Ein forsinkelse vil kun innebere auka utgifter i vidaregåande opplæring og det ein taper av arbeidsinntekt på å bruke lenger tid.

## **Tiltak for å redusere fråfall og betre gjennomføringa**

I alle dei nordiske landa er det gjennomført ulike tiltak for å redusere fråfallet. Ein del av desse tiltaka er felles i landa (Markussen 2010);

### **1. Rådgeving og karriererettleiing**

Dette er eit sentralt verkemiddel. Her er også oppfølgingstenesta viktig for følgje opp dei som er verken i utdanning eller jobb. I Norge er karriererettleiing eit satsingsområde som skal få til ei forbetring av rådgevingstenesta i ungdomsskulen og i den vidaregåande skulen. I tillegg er det etablert to nye fag, faget Utdanningsval i ungdomsskulen og prosjekt til fordjuping i vgs. Målet er at desse faga skal gje dei unge betre informasjon og kunnskapsgrunnlag for å foreta val av utdanning på neste nivå.

### **2. Meir praksis i yrkesutdanninga**

I alle dei nordiske landa ser ein behovet for å etablere eit yrkesutdanningstilbod med mindre innslag av teori og meir praksis.

I ungdomsskulen er det no etablert eit nytt fag, *arbeidslivsfag*. Dette er eit fag som ungdom som slit i teorifaga skal kunne ta. I yrkesutdanninga er det også innført ei ordning med praksisbrev. Ordninga frå 2006 tilbydde ei 2-årig opplæring i bedrift med grovt sett havparten av den faglege kompetansen i eit fagbrev (inkl. havparten av fellesfaga) (Høst 2013)

### **3. Fokus på elevar som er i faresona**

Ein del elevar har som sagt eit svakt fagleg grunnlag med seg frå grunnskulen. Sannsynlegheita for at desse enten sluttar eller gjennomfører utan å bestå er aukar med synkande karakternivå.

Mange land har etablert alternative utdanningsløp for desse elevane. I Finland har ein frivillig 10. klasse. Målgruppa er dei som har vanskar med å halde fram på skulen etter obligatorisk skule. I Finland har også 8% av elevane i grunnskulen fulltids spesialundervisning. På Island har ein bygd inn i vgo alternativ for dei som ikkje oppfyller krava for å begynne på vidaregåande skule. Generelt program for dei som ikkje har bestemt seg, og arbeidstreningsprogram for dei som har hatt mykje spesialundervisning i grunnskulen. I Sverige har ein etablert *det individuelle programmet* (IV) for dei som ikkje har føresetnader for å begynne på vidaregåande skule. Dette programmet er under revisjon. I Danmark har ein mellom anna produksjonsskular for ungdom under 25 som ikkje er i stand til å gjennomføre vanleg

vidaregåande opplæring. Målet er at desse skal komme seg i jobb eller halde fram med utdanning. 60% har nådd denne målsetjinga.

I Norge har ein lærekandidatordninga som eit alternativ for dei som ikkje har føresetnader for å sikte mot full studie- eller yrkeskompetanse.

#### 4. Reformar

Reform 94 var ein reform som hadde som delmål å redusere fråfall. Etter innføringa av reforma dobla ein andelen yrkesfagelevar som fullførte VGO. Kunnskapsløftet vart innført i 2006, og også denne reforma hadde som mål å betre den låge gjennomføringsgraden. Senter for karriererettleiing og dei to nye faga vart bakt inn i denne reforma. Etter kvart har ein også sett i verk tiltak for å auke fleksibiliteten i strukturen for å betre gjennomføringa.

### **Verkar tiltaka?**

Buland og Hamn (2007) konkluderer i sitt prosjekt *Satsing mot fråfall i vidaregåande skole*, med at arbeid mot fråfall kan lukkast, men at det avhengig av at «arbeidet mot fråfall må være hele skolens oppgåve (...) Arbeidet må vere preget av system, ansvarsfordeling og plan som bidrar til at det blir hele skolens oppgåve, og får en kontinuitet som er nødvendig for å oppretthalde ein kontinuerlig beredskap».

Undersøkingar frå fleire land viser at ein kan auke fullføringsgraden gjennom systematisk og målretta arbeid på fleire arenaer samtidig. I Norge har ein sett at Reform 94 hadde effekt på fråfallet. Også andre tiltak har hatt ein viss effekt, men ein kan ikkje slå fast ein langvarig og betydeleg effekt<sup>2</sup>.

Ei *eliminering* av fråfallet vil krevje djuptgripande samfunnsmessige endringar og utjaming av sosiale og ressursmessige skilnader i samfunnet.

### **Vurdering - kor bør ein setje inn tiltak for å redusere fråfall og auke gjennomføringsgraden?**

- Fokus på å betre elevane sine skuleprestasjonar og deira sosiale og faglege identifikasjon og engasjement i forhold til skulen
- Tiltak må setjast inn på fleire nivå;
  - I barnehage og grunnskule  
**Tidleg innsats** – for å gje elevane nødvendige føresetnader for å meistre VGO
  - I overgangen mellom grunnskulen og vidaregåande opplæring  
**Rettleiing** – inn i utdanningsprogram som elevane har føresetnader for å meistre
  - Innanfor vidaregåande opplæring  
Tilpassa opplæring – til vitnemål, fagbrev, lærekontrakt eller praksisbrev.

---

<sup>2</sup> **Hawthorneeffekten** - det fenomen som vart dokumentert i samband med *Hawthornestudiane* i USA i 1920-åra, nemlig at *det å bli undersøkt, i seg sjølv fører til atferdsendringar* (som fordunster igjen når undersøkinga er over).

Det er *fleire organisatoriske løysingar* på korleis ein kan jobbe systematisk med desse tiltaka (Markussen 2010). I prosjektet Høyangerskulen 8 - 13 er ei av hovudmålsetjingane å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring for slik å redusere fråfall. Eit av hovudtiltaka i prosjektet er å styrke rådgjevingstenesta for å førebygge feilval. Eit anna sentralt tiltak er å arbeide med dei gjennomgåande læreplanane og styrke dei grunnleggande ferdigheitene.

Gjennom tilpassa opplæring legg skulen til rette for at eleven skal bli den beste utgåva av seg sjølv.

Falck, T, Johannesen, A.B og Strøm, B (2009): Kostnader av frafall i vidaregåande opplæring. Senter for økonomisk forskning AS. KD.

Haustrøm, Håkon (2013): *Kan arbeidslivet være et bedre alternativ for skoletrøtte 16-åringer?* Søkelys på arbeidslivet NR 1-2 2013. Årgang 30, 54-70. Universitetsforlaget

Markussen, Eifred (red.) (2010): *Frafall i utdanning for 16–20 åringer i Norden*. TemaNord 2010:517. Nordisk ministerråd, København 2010

SSB (2014): *Gjennomstrømning i vidaregåande opplæring, 2008-2013..*  
<https://www.ssb.no/utdanning/statistikker/vgogjen>. Publisert 19. juni 2014. Lasta ned 02.07.14.

SSB (2014): Fakta om utdanning 2014 - nøkkeltall fra 2012. Brosjyre.  
<https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/attachment/162223?ts=1446e2ea2d0>



## Kompetanseplan 2015 - 2018 for skular og barnehagar i Høyanger kommune



Bjordal barnehage og skule



Vadheim barnehage og skule



Kyrkjebø barnehage og skule



Lavik barnehage og skule



Olderdalen barnehage



Hjetland barnehage



Høyanger skule



Høyanger vidaregåande skule

17.12.2014

# Kvalitetskontroll

Utarbeidd av	Høyanger kommune, Oppvekstsjef Stig Engen og spesialrådgjevar Solveig Berstad Sande
Dato	17.12.2014

Godkjent av	Rådmann Arve Varden
Dato	

## Innhold

1	Samandrag	2
2	Kompetanseplan - Forankring og ambisjonar	3
3	Overordna mål og føringar	4
4	Kva er kompetanse?	6
	4.1 Naudsynt fagleg kompetanse	
	4.2 Lærings- og utviklingskompetanse i skular og barnehagar	
5	Kompetanseanalyse	7
	5.1 Våre kompetansekrav og vår kompetansebeholdning/ kompetansekapital	
	5.2 Vårt kompetansebehov: Kompetanse som skal tilførast, utviklast, mobiliserast eller avviklast	
6	Kompetansestrategiar og tiltak	12
	6.1 Strategi for å tilføre, utvikle, mobilisere og avvikle kompetanse	
	6.2 Tiltaksplanar	
	6.3 Læringsarenaer	
	6.4 Økonomiske rammevilkår	
7	Plan for evaluering og oppfølging av kompetansetiltaka	14
	7.1 Evaluering og oppfølging av den strategiske kompetanseplanen	
	7.2 Evaluering og oppfølging av strategiar og tiltak	
8	Litteraturliste - referansar	15

# 1 Samandrag

Kompetanseplan 2015 - 2018 for skular og barnehagar i Høyanger kommune skal vere eit verktøy i planlegging og gjennomføring av utviklingsarbeidet i skular og barnehagar i Høyanger kommune. Planen skal ta vare på nasjonale og lokale satsingsområde med målsetjing at undervisningspersonalet har kompetanse som skal føre til auka læring for elevane.

Læraren er sentral i elevane sitt læringsarbeid. God klasseleiing og evne til å fram sterke sider hos den einskilde eleven er verktøy for auka læringsutbytte for elevane.

Denne planen skildrar satsingsområde for kompetanseheving i kommunen og strategiar for gjennomføring.

Kompetanseheving i Norsk, Matematikk og Engelsk har prioritet, men det er trong for auka kompetanse også i andre fag.

Tilpassa opplæring, Vurdering for læring, Klasseleiing og Organisasjonslæring er ein naturleg del av læringsarbeidet og skal framleis ha prioritet.

Kommunen har trong for styrka kompetanse i høve opplæring for minoritetspråklege elevar og vaksne.

Barnehagane skal ha forsvarleg kompetanse i alle ledd.

Rådgjevarar og skuleleiarar skal ha tilbod om vidare- og etterutdanning, og nettverksarbeid er ein viktig del av den faglege styrkinga.

Kompetansebygging skal skje ved statleg initiert vidareutdanning, etterutdanning og skulebasert kompetanseutvikling. Samarbeid med universitet og høgskular er sentralt.

Planen vert evaluert årleg i Utval for Oppvekst saman med påfølgjande konkrete tiltak.

## 2 Kompetanseplan - forankring og ambisjonar

### 2.1 Bakgrunn

Kompetanseplan for skular og barnehagar i Høyanger kommune skal vere eit verktøy i planlegging og rekruttering. Planen tek utgangspunkt i St.meld. nr. 31 (2007 - 2008) «Kvalitet i skolen» og den påfølgjande strategiavtalen «Kompetanse for kvalitet» mellom staten, KS, lærarorganisasjonane, universitet og høgskular. Høyanger kommune har delteke på kursrekke ved Utdanningsdirektoratet, Motivasjon og meistring, 2013 - 2014. Denne satsinga på ungdomssteget inkluderer også barneskulane i Høyanger kommune. Regjeringa gjev retningsliner for kompetanse for tilsette i barnehagane i Meld. St. 24 (2012 - 2013) *Framtidens barnehage*. Utdanningsdirektoratet har utarbeidd Strategi for ungdomstrinnet *Motivasjon og meistring for bedre læring - felles satsing på klasseledelse, regning, lesing og skrivning* og *Rammeverk for skolebasert kompetanseutvikling på ungdomstrinnet 2013 - 2017* som bygger på denne strategien.

### 2.2 Kompetansekartlegging

I samband med utvikling av Kompetanseplan 2015 - 2018 for skular og barnehagar i Høyanger kommune, vart skular og barnehagar bedne om å kome med innspel til planen. I tillegg har planen vore handsama av tillitsvalde og i administrasjonsmøte for rektorar og styrarar.

På bakgrunn av innkomne innspel frå dei ulike aktørane er det kome fram ynskde endringar og kva kompetansebygging dette medfører. Arbeidet med kompetanseplanen er utført av Oppvekstkontor ved Oppvekstsjef og spesialrådgjevar, i samarbeid med tillitsvalde, styrarar og rektorar.

### 2.3 Samarbeidspartnarar

For å kunne realisere Kompetanseplan 2015 - 2018 for skular og barnehagar i Høyanger kommune i tråd med sentrale føringar, er Høyanger kommune i gang med eit systematisk samarbeid med HiSF og ulike høgskular og universitet. I tillegg til dette er Høyanger kommune avhengig av å kunne hente inn kompetanse frå ulike fagmiljø og frå andre universitet og høgskular. Vi har også eit samarbeid med skular og barnehagar i HAFS-regionen innan enkeltområde som Motivasjon og meistring (Satsing på ungdomssteget) der Klasseleiing og grunnleggande dugleikar er i fokus, og barnehagar og skular har system for ekstern vurdering i regionen.

Viktige samarbeidspartnarar er: Høgskulen i Sogn og Fjordane, HAFS-regionen, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane avdeling Barnehage og opplæring, Nasjonalt Senter for Matematikk i Skolen, Lesesenteret i Stavanger.

# 3 Overordna mål og føringar

## 3.1 Mål

Høyanger kommune har fokus på auka læringsutbytte, gode resultat og trivsel hos elevane. Måla i denne handlingsplanen er innretta mot faktorar som har dokumentert effekt for læring. Internasjonal forskning (Hattie – metastudie av 52000 studie på 83 millionar elevar) konkluderer med at lærar og lærar sin interaksjon med elevane er den viktigaste faktor for læring. For Høyanger kommune inneber dette framleis arbeid med å frigjere lærarar sine ressursar i størst mogeleg grad til praksisfeltet i klasserommet. Dette vert følgt opp i praksis i klasserommet gjennom metodikken ”skulevandring”. Det er også naudsynt med tydelege leiarar som evnar å vere tett på lærarane i det daglege arbeidet.

Framleis satsing på ungdomssteget for å auke motivasjon og gjennom hele skuleløpet hindre fråfall i vidaregåande skule er også ein del av plan for Høyangerskule 1 - 13. Satsing på Ny GIV held difor fram i 2015 i samarbeid med vidaregåande skule.

Godt kvalifiserte lærarar og skuleleiarar er avgjerande for kvaliteten på opplæringa. Kommunen satsar difor på ei frikjøpsordning for lærarar og leiarar som ønskjer vidareutdanning innan sine fagfelt, særskilt innan faga matematikk, engelsk og norsk.

- Auke fagleg, fagdidaktisk og pedagogisk kompetanse for lærarane og barnehagelærarane for gjennom det å styrke læring og motivasjon for elevane.
- Auke leiarkompetanse for å styrke skule- og barnehageleiarane i arbeidet med å heve kvaliteten på det faglege og pedagogiske arbeidet i skule og barnehage, og samstundes styrke dei i utøvinga av administrativ leiing med tanke på elevane sitt læringsmiljø og læringsutbytte.

## 3.2 Føringar

Prioriterte område 2015 - 2018 er knytte til

- «Lærarløftet - på lag for kunnskapsskule»
  - Regjeringa har som mål at lærarar som underviser i faga matematikk, engelsk, norsk skal ha fordjuping i faget. Det medfører trong for vidareutdanning av lærarar der statleg og lokal innsats, prioriteringar og mål må henge saman. I Lærarløftet er det lagt vekt på at skulen må ivareta trongen for kompetanseutvikling for den einskilde lærar og leiar. Samstundes må det byggast lag og leggst til rette for kollektiv læring og utvikling av profesjonsfellesskapen på den einskilde skule. Kompetanseutvikling ser ut til å

ha sterkast effekt når den er praksisnær og skulebasert, og når det vert lagt til rette for kunnskapsdeling.

- Høyangerskolen 1 - 13
  - Fagleg styrking i skulane ved hjelp av organisasjonslæring og skulebasert kompetanseutvikling (SKU) er sentralt i prosjektet.
  - Overordna mål for lærings- og vurderingsarbeidet: Eleven skal bli den beste utgåva av seg sjølv.
  
- Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen
  - gjer greie for samfunnsmandatet til barnehagen. Innhaldet i barnehagen skal bygge på eit heilskapleg læringssyn, der omsorg, leik og læring er sentrale delar. I tillegg er sosial og språkleg kompetanse og sju fagområde viktige delar av læringsmiljøet i barnehagen.

# 4 Kva er kompetanse?

## 4.1 Læreplanen Kunnskapsløftet (LK-06)

Innføring av ny læreplan er ein prosess som tek tid, og det krev langsiktig arbeid mot alle skulane. Alle lærarar skal ha god læreplanforståing, og kompetansemåla er bakte inn i lokale planar. Kommunen har hatt eit samarbeid dei siste åra om Vurdering for læring. Høyangerskulen 1 - 13 vidarefører dette ved hjelp av faggrupper og at alle lærarar deltek i interne faggrupper på eigen skule.

Tema er m.a.:

- Læreplanar og kompetansemål frå LK06. Faggrupper i Norsk, Matematikk og Engelsk
- Vurdering for læring - kjenneteikn på mål-opptåing, god undervegs-vurdering, varierte vurderingsformer for å fremje læring, tilbakemelding og framovermelding
- Klasseleiing
- Elevmedverknad og foreldremedverknad

Skulane held fram med systemretta arbeid i det einskilde kollegium.

## 4.2 Naudsynt fagleg kompetanse

Lærarar som underviser i matematikk, engelsk og norsk skal ha fordjuping i faget. Skulane treng lærarar med kompetanse i alle fag. Barnehagane har trong for tilstrekkeleg tal pedagogar på avdelingane.

## 4.3 Lærings- og utviklingskompetanse i skular og barnehagar

Skular og barnehagar treng kompetanse i utveksling av kunnskap og røynsler innan organisasjonen og i å utvikle den kollektive læringsaktiviteten. Lærande organisasjonar sikrar at den einskilde får tilført og utvikla eigen kompetanse ved hjelp av profesjonsfelleskap. Dette krev vilje, innsikt og kompetanse i å dele røynsler frå praksiskvardagen på arbeidsplassen. Kunnskapsdepartementet har fokus på at det er naudsynt for gjennomføringa av Kunnskapsløftet å utvikle barnehagane og skulane som lærande organisasjonar.

# 5 Kompetanseanalyse

## 5.1 Våre kompetansekrav og vår kompetansebeholdning/ kompetansekapital

Skular og barnehagar skal ha fagleg forsvarleg kompetanse i alle fag. Situasjonen i dag er rimeleg god, men kommunen har trong for at lærarar tek vidareutdanning i sentrale fag som norsk, matematikk og engelsk.

Kunnskapsdepartementet framhevar at tilsette ved PPT og andre skulefagleg ansvarlege på kommunenivå skal vere ein del av Kompetanseplanen.. Av den grunn vil også desse tilsette få tilbod om relevante etter-/ vidareutdanningstilbod for å kunne hjelpe barnehagane og skulane best mogeleg med utvikling og vidareføring av Kunnskapsløftet.

Frå 2015 samarbeider Høyangerskulen 1 - 13 om fag- og timebyte, rekruttering og kvalifisering av tilsette.

## 5.2 Vårt kompetansebehov: Kompetanse som skal tilførast, utviklast, mobiliserast eller avviklast

- **Tilpassa opplæring**

Tilpassa opplæring er ein rett alle elevar har. Omgrepet er handsama i kommunal plan for Tidleg innsats, tilpassa opplæring og spesialundervisning som vert ferdigstilt vinteren 2014 - 2015. Skular og barnehagar har trong for lærarar med spesialpedagogisk kompetanse og kompetanse i tilpassa opplæring, og dei brukar tid på å få ein felles plattform for dette arbeidet. Samarbeid med PPT på systemnivå og individnivå er godt innarbeidd i skular og barnehagar og skal vidareførast.

Arbeidet med tilpassa opplæring og tilfredsstillande læringsutbytte vert fylgt opp av skuleeigar og av Fylkesmann. I Kompetanseplanen inngår tilpassa opplæring som eit naturleg element.

- **Leiing.**

Skuleleiinga har tilbod om masterutdanning for skuleleiarar . Vi har pr. i dag 2 som har gjennomført masterstudiet ved HiSF, 4 som har gjennomført Rektorskulen og 2 som skal i gang med Rektorskulen. Styrarar har teke vidareutdanning innan leiing.

Dei som deltek i denne leiingsutviklinga, vil måtte dele kunnskap og erfaring med de andre barnehage- og skuleleiarane i kommunen. Dette er tenkt gjennomført ved at dei får ansvar for styrar- og skuleleiarsamlingar og gjennom erfaringsdeling i dei faste styrar-/ rektormøta.

- **Vurderingskompetanse**

I august 2009 fekk vi ny forskrift om vurdering. Skulane har hatt samarbeid om Vurdering for læring saman med HVGS, og i dette arbeidet vart det utvikla ein Vurderingsplakat for Høyangerskulen 1 - 13. Dette arbeidet vert vidareført som ein naturleg del av det faglege samarbeidet i Høyangerskulen 1 - 13.

- **Minoritetsspråklege elevar og Vaksenopplæring**

Høyanger kommune har ved skulestart hausten 2014 ca. 20 elevar i grunnskuleopplæring og 53 elevar i Vaksenopplæring. November 2014 startar Asylmottak i Høyanger, og det kan kome inntil 150 nye elevar, barn og vaksne. Skulane, barnehagane og vaksenopplæringa treng styrking av kompetanse for å kunne gje eit godt tilbod til desse elevane.

Kommunen planlegg tilbod om opphald i innføringsklasse for minoritetsspråklege før dei startar på skulen som er nærast bustaden deira. Dei seinare åra har vi hatt ei utvikling mot at fleire av dei som kjem har svært mangelfull skulebakgrunn frå heimlandet, noko som har ført til at mange treng lenger tid i innføringsklassen før dei går over i vanleg skule.

Det er ei utfordring å legge til rette for ei god organisering slik at elevane får god nytte av ressursane som er sette av til særskilt norskopplæring. Det er også ei utfordring å førebu elevane til vidaregåande opplæring slik at dei kan gjennomføre denne.

Vaksenopplæringa har god kompetanse, og dei vert viktige i kompetansebygginga på den enkelte skule. Saman med IMDI har vi fylgt opp med kurs i læreplanen for grunnleggande norsk og kartleggingsmaterialet som er utarbeidd.

- **Pedagogar og fagarbeidarar i barnehagane**

Barnehagane i Høyanger har som mål at der er 2 pedagogar og 2 fagarbeidarar på kvar avdeling og at alle tilsette er utdanna som fagarbeidarar eller pedagogar.

Det er ynskje om vidareutdanning i rettleiing, IKT, matematikk og naturfag i barnehagen, og barnehagane ynskjer styrking av kompetansen når det gjeld spesialpedagogisk arbeid, fleirkulturelt arbeid, problemåtferd og konflikthandtering/ mobbing blant borna. Barnehagane ynskjer oppdatering på alle fagområde og leiarutdanning for pedagogane.

Utvikling av barnehagane som lærande organisasjonar er ein viktig faktor for å auke og dele kompetanse. Barnehagebasert kompetanseutvikling er eit tiltak som vil ha stor effekt for fagleg utvikling i barnehagane.

- **Klasseleiing**

Skulane i Høyanger har delteke i pulje 1 i Utdanningsdirektoratet si satsing på ungdomsskulane; Motivasjon og meistring. Denne kursrekka har også inkludert barneskulane. Skulane har valt å satse på klasseleiing som prioritert område, og HiSF har hatt ansvar for foredrag på skulane og rettleiing av utviklingsarbeidet på den ein skilde skule. Dette arbeidet held fram, og sjølv om skulane har fullført kursrekka, kan det vere naudsynt med vidare kurs i skulane.

- **Grunnleggande dugleikar - Lesing, skriving og rekning i alle fag**

Grunnleggande dugleikar er eit viktig satsingsområde for regjeringa, og det er lagt opp til skulebasert kompetanseutvikling i klasseleiing, lesing, skriving og rekning.

Utdanningsdirektoratet har utvikla nettressursar som skal støtte skulane i arbeidet til beste for læring og motivasjon for elevane.

- **Norsk**

Høyanger kommune har trong for pedagogar med høg kompetanse i norsk - dette er avgjerande for kvaliteten på opplæringa. Skulane har gode resultat i Lesing Nasjonale Prøver i 5. klasse, men resultatene for 8. klasse ynskjer vi å forbetre. Kompetanseuke i Norsk vert prioritert.

- **Matematikk**

Skular og barnehagar i Høyanger kommune ynskjer å satse på matematikkfaget og på grunnleggande dugleikar i rekning for å styrke opplæringa i faget. Læringsresultata i matematikk er ikkje tilfredsstillande, og ei kompetanseheving for lærarar etter søknad saman med arbeid i faggrupper internt på skulane i Høyangerskolen 1 - 13 kan styrke opplæringa og læringsresultata. Kompetanseuke i matematikk vert prioritert.

- **Engelsk**

Grunnskolen i Høyanger har dei seinare år ikkje hatt nok tilgang på lærarar med utdanning i engelsk. Både i barne- og ungdomsskolen har lærarar med mindre enn 30 st. p. måtta undervise i faget. Kommunen har også fått signal om at lærarar med 30 st. p eller meir har trong for oppfrisking av kunnskap og opplæring i nye undervisningsmetodar i faget.

Dei gjennomsnittlege resultatene på de nasjonale prøvene har vært jamt over gode i faget engelsk, men resultatene varierer både frå skule til skule og innan skular. Vi tolkar dette slik at kommunen har trong for å styrke den generelle kompetansen i engelsk.

Kommunen ønskjer å legge til rette for at flest mogleg ungdomsskulelærarar deltek i dei statleg tildelte studia i engelsk. I tillegg planlegg vi å halde kurs retta mot spesielle tema innan engelskfaget slik som t.d. engelskopplæring for elevar med lese- og skrivevanskar. Det er også aktuelt å opprette nettverk for erfaringsutveksling for lærarar i barne- og ungdomsskulen.

- **Andre framandspråk**

Høyangerskulen 1 - 13 må ha naudsynt kompetanse i 2. framandspråk, Tysk, Fransk og evt. Spansk, for å gje god undervisning i faga. Skuleeigar må sikre dette ved rekruttering og at lærarar får naudsynt vidareutdanning i desse faga.

- **IKT i opplæringa**

Innan IKT treng kommunen kompetanseheving i

- o pedagogisk bruk i klasserommet/ barnehagen
- o bruk av digitale ressursar
- o generell bruk av IKT
- o administrative oppgåver for lærarar (særskilt ungdomsskulane)
- o realfag og IKT
- o språkfag og IKT
- o spesialpedagogikk og IKT.

Det er framleis for stor forskjell og for tilfeldig kva slags IKT-opplæring elevane i Høyangerskulen opplever. Målet skal framleis vere at elevane får den digitale kompetansen som er skildra i Kunnskapsløftet.

For at dette skal være mogleg, må det fokuserast på kompetanseheving av lærarane for å kome opp på et høgare kompetansenivå i kommunen.

Aktuelle tiltak:

- Etter- eller vidareutdanning innan IKT i læring
- Bruke eksterne kurshaldarar
- Nettbaserte kurs
- Seminar
- Interne kurs med kompetansedeling på arbeidsplassen
- Deltaking på konferansar

## **FYR**

Høyanger vidaregåande skule har meldt seg på den nasjonale FYR-satsinga frå skuleåret 2015 - 2016.

### **Rådgjeving.**

Høyanger kommune har gode resultat på Elevundersøkinga også i høve til utdannings- og yrkesrådgjeving. Vi ønskjer framleis å styrke rådgjevingstenesta for å sikre at elevane får god hjelp i å planlegge og legge til rette for si eiga framtid. I tillegg ser vi trong for å auke kompetansen også for andre lærarar i ungdomsskulen, både for å styrke dei i arbeidet med elevane og klassemiljøa og å styrke at elevane får god rådgjeving tidleg. På denne måten vonar vi å medverke til at færre gjer feil val ved søknad til vidaregåande skule og slik auke gjennomføringa av vidaregåande opplæring.

### **Generelt**

Ansvar for utvikling og vidareføring av Kunnskapsløftet ligg hos Oppvekstsjefen. I samband med målsettinga om tilpassa opplæring framhevar Kunnskapsdepartementet at det er naudsynt å utvikle skulane som lærande organisasjonar.

Skuleeigar har hovudansvaret for å gje sine tilsette i grunnopplæringa naudsynt kompetanseutvikling. Vi prøver å innarbeide tiltaka i den statlige satsinga i vår lokale plan slik at desse utfyller og forsterkar kvarandre og dermed bidrar til ein mest mogeleg heilskapleg kompetanse.

Høyanger kommune vil tilby ulike etter- og vidareutdanningstilbod frå universitet og høgskular til sine tilsette ut frå dei fagområde som er skisserte under punkt 5.2 Vårt kompetansebehov.

# 6 Kompetansestrategiar og tiltak

## 6.1 Strategi for å tilføre, utvikle, mobilisere og avvikle kompetanse

Kompetanseplanen skal vere eit verktøy for å sikre at medarbeidarar har dei kunnskapar, dugleikar og haldningar som er naudsynte for at barnehagen/ skulen skal nå måla sine. Kompetanseutvikling kan delast inn i

**Vidareutdanning** - fagleg styrking innan prioriterte fag (inneheld element frå etterutdanning)

**Etterutdanning** - kurs, seminar, nettverksbygging, refleksjonsgrupper, skulebasert kompetanseutvikling, deling av røynsler m.m.

Vidareutdanning gjev studiepoeng, medan etterutdanning gjev fagleg utvikling utan studiepoeng. Det er grunnlag for å meine at etterutdanning av heile personalet (barnehagebasert/ skulebasert kompetanseutvikling) er det tiltaket som har beste effekt for barnehagen/ skulen.

Kompetanseplanen ligg til grunn ved tilsetjingar, ved tildeling av vidareutdanning etter søknad og i den skulebaserte kompetanseutviklinga i den einsskilde barnehage/ skule.

## 6.2 Tiltaksplanar

Skuleeigar legg til rette for og stimulerer til naudsynt kompetanseheving i skular og barnehagar ved:

**Vidareutdanning** - er statleg initiert og kan organiserast på to måtar:

1. lærar får frigjeve 37,5 % frå undervisning ved 100 % stilling for å ta 30 studiepoeng gjennom eit skuleår.
  - a. Naturfag og matematikk - staten betalar høgskulane og vikarutgifter (75 % = kr. 225.000.-). Kommunen betalar til undervisningsmateriell og reiseutgifter.
  - b. Andre fag - staten betalar 60 % av vikarmidlane (kr. 180.000.-), kommunen betalar 15 % (kr. 45.000.-) + andre utgifter.
2. Stipend kr. 100.000.- for 60 studiepoeng (kr. 50.000.- for 30 studiepoeng) for dei som tek vidareutdanning i fritida si.

Barnehagelærarar og lærarar søker på nettet etter godkjenning frå styrar/ rektor. Kommunen godkjenner eller avviser søknad etter faste kriterie. Endeleg avgjerd om deltaking ligg hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

**Etterutdanning** - av eit personale eller grupper av lærarar/ skuleleiarar

1. Skulebasert kompetanseutvikling for ungdomsskulen - vert finansiert av Utdanningsdirektoratet
2. Vurdering for læring
3. Skulevandring
4. Klasseleiing
5. Grunnleggjande dugleikar, lesing, skriving og rekning i alle fag
6. Fagdagar v/ hjelp av ressurslærarar, Matematikksenteret, Lesesenteret eller liknande
7. Ulike kompetansetiltak innan vedtekne område i kommunen
8. Rektorskulen
9. Opplæring av nytilsette - mentorar
10. Ulike tiltak iverksette av skulane/ barnehagane

## 6.3 Læringsarenaer

Høgskular og Universitet, og særskilt HiSF, er arena for vidareutdanning for barnehagelærarar , lærarar og skuleleiarar. I tillegg vil organisasjonslæring i den einkilde skule/ barnehage vere eit viktig element i kompetansetiltaka.

## 6.4 Økonomiske rammevilkår

Kommunal økonomi og statlege tildelingar set rammer for kompetansetiltaka. Sjå 5.4.

# 7 Plan for evaluering og oppfølging av kompetansetiltaka

## 7.1 Evaluering og oppfølging av den strategiske kompetanseplanen

Skuleeigar ved Utval for oppvekst evaluerer den strategiske kompetanseplanen årleg i desember/ januar i samband med evaluering av kompetansetiltak før utlysning av stillingar og tildeling av vidareutdanning til tilsette.

## 7.2 Evaluering og oppfølging av strategiar og tiltak

Skuleeigar ved Utval for oppvekst evaluerer kompetansetiltaka årleg i desember/ januar før utlysning av stillingar og tildeling av vidareutdanning til tilsette.

## 8 Litteraturliste – referansar

LK06 med Læringsplakaten

St.meld. nr. 31 (2007 - 2008) *Kvalitet i skolen*

NOU 2014-7: *Elevenes læring i fremtidens skole*

*Kompetanse for kvalitet*. Strategi for videreutdanning av lærere (K.dep. 2008, Udir 2010)'

St.meld. nr. 11 (2008 - 2009) *Læreren - rollen og utdanningen*

Lærerloftet - på lag for kunnskapsskolen.

Meld. St. 24 (2012 - 2013) *Framtidens barnehage*.

Utdanningsdirektoratet: Strategi for ungdomstrinnet *Motivasjon og mestring for bedre læring - felles satsing på klasseledelse, regning, lesing og skriving*

Utdanningsdirektoratet: *Rammeverk for skolebasert kompetanseutvikling på ungdomstrinnet 2013 - 2017*.